



Ottar Atle Lauvås
Mongstadvegen 443
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2861 - 19/31540

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2019

Avvist søknad om ny grunneigedom - gbnr 116/15 Lauvås

Administrativt vedtak. Saknr: 601/19

Tiltakshavar: Ottar Atle Lauvås
Ansvarleg søkjar: Ottar Atle Lauvås
Søknadstype: Søknad om løyve til oppretting av ny grunneigedom etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4

Saksutgreiing:

Tiltak

Vi syner til Dykkar søknad om frådelling av ny grunneigedom av areal ned mot sjøen på gbnr 116/15, motteke her den 15.10.2019.

Etter gjennomgang av søknad finn vi at den er for mangelfull til at vi kan handsame den, sjå vår vurdering under.

Vurdering:

Det går ikkje fram av søknad kva storleik det omsøkte arealet har, og kva arealet skal nyttast til. Dette er naudsynt for at vi skal kunne vurdere om arealet kan frådelast til dette føremålet. Det vil også vere avgjerande for å vurdere om det er trong for søknad om dispensasjon frå planføremålet som i kommuneplana er sett av til LNF-føremål.

Arealet ligg innafør 100-metersbelte mot sjø, og det vil vere naudsynt å søkja dispensasjon frå byggje- og deleforbod i strandsona jf. Plan- og bygningslova § 1-8.

Vi syner også til at alle søknadar og tiltak og søknad om dispensasjon må nabovarslast til alle berørte partar, vi kan ikkje sjå at dette ligg føre i søknaden.

Konklusjon

Søknad er for mangelfull til at vi kan handsame den slik den ligg føre. Vi gjer merksam på at denne saka vert avslutta og at det må sendast inn ny søknad, der denne er supplert med:

- Informasjon om arealet sin storleik
- Informasjon om kva arealet skal nyttast til
- Søknad om dispensasjon frå byggje- og deleforbodem innafør strandsona jf. Plan- og bygningslova § 1-8



- Bruk av arealet vil vere avgjerande om det er naudsynt å søkja dispensasjon i frå plan-føremålet LNF i kommuneplana sin arealdel
- Søknad må nabovarslast til alle tilgrensande nabuar og andre som kan ha interessar i området

Vi gjer merksam på at dette er ei førebel gjennomgang av søknaden og at det kan vere andre manglar i søknaden enn de som er syna til i dette brevet.

For vidare rettleiing kan du anten bestille førehandskonferanse på Lindås kommune sin heimeside på nett, eller ta kontakt med byggesaksvakta tirsdag eller torsdag mellom kl.09.00-15.00, telefon 56375000 eller på e-post byggesak@lindas.kommune.no.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ottar Atle Lauvås	Mongstadvegen 443	5955	LINDÅS
Ottar Atle Lauvås	Mongstadvegen 443	5955	LINDÅS